

EVEN HOPLAND
SOLEVEGEN 150
5943 AUSTRHEIM

Dato	26.10.2023
Vår referanse	2023/70281-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Kari Elster Moen
E-post	Kari.Elster.Moen@vlfk.no
Telefon	95288829

Krav om oppfylling av vilkår i avkøyrsløyve - gnr. 139 bnr. 9 mfl. - Rabben - Austrheim kommune


Vestland fylkeskommune viser til at det vart søkt om å bygge ny avkøyrsløyve til gnr. 139 bnr. 9 mfl. i 2012 i samband med søknad om å bygge tre bustadar, og at vilkåret for å få ny avkøyrsløyve var å stenge den gamle som går gjennom tunet. Statens vegvesen ga løyve på vilkår til dette i sitt brev datert 05.09.2012. Fylkeskommunen har overtatt forvaltninga av fylkesveg frå 01.01.2020, og har no mynde til å følgje opp saka. Søknadspapir med vedlegg, og Statens vegvesen sitt vedtak med vedlegg er lagt ved dette brevet.

Krav om stenging:

Med heimel i veglova § 42 og punkt 10 i Statens vegvesen sitt vedtak datert 05.09.2012 får de som er dagens eigarar av gnr. 139 bnr. 9 frist til 22.11.2023 for å stenge avkøyrsla. Dersom de ikkje gjer det sjølv, så kan vegstyresmakta gjere dette på dykkar kostnad.

Opplysningar i saka:

Kopi av situasjonsplan som var vedlagt søknaden 03.08.2012 som Gerd Marie Solheim sendte Statens vegvesen, viser ny avkøyrsløyve og stenging av den gamle (situasjonsplanen er også vedlagt dette brevet):



I punkt 10 i vedtaket frå Statens vegvesen datert 05.09.2012 står det at eksisterande avkøyrslø til tunet skal stengast. Fylkeskommunen har fått melding frå Austrheim kommune om at den ikkje er stengt.

Av omsyn til trafikktryggleiken på staden, og med heimel i veglova §§ 40-43 som regulerer kven som har mynde til å stille krav, og eigar og brukar sitt ansvar for å oppfylle dei krava som er gitt krev fylkeskommunen no at de stenger avkøyrsla.

Har de spørsmål til saka, ber vi om at de kontaktar saksbehandlar på e-post som de finn øvst i dette brevet, og viser til saksnr: 2023/70281.

Med helsing

Mats Korneliussen

leiar

INV - Forvaltning Bergensområdet

Kari Elster Moen

senioringeniør

INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskrivne underskrift

Vedlegg

- | | |
|----------|---------------------------------|
| 1 | Søknadsskjema |
| 2 | Situasjonskart avkøyrslø |
| 3 | Vedtak SVV 05092012 |
| 4 | Prinsippskisse |

Mottakarliste

EVEN HOPLAND	SOLEVEGEN 150	5943	AUSTRHEIM
LISE SLEIRE	SOLEVEGEN 150	5943	AUSTRHEIM

Kopi til:

AUSTRHEIM KOMMUNE	Sætre marka 2	5943	AUSTRHEIM
STATENS VEGVESEN	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER